

Aktivt år for Røysterett for alle.

05.02.2016



Det nye styret i koret: Ragnhild Tvedt(f.v.), Kirsten Rød, Elisabeth Croles, Berit W. Huse, Wenche Evensen og Renate Koløy.

Årsmeldinga fortalte om eit svært aktivt og innhaldsrikt år då koret Røysterett for alle hadde årsmøte torsdag 28. januar. Svært god innsats av medlemmer og økonominemnd har også ført til at økonomien i koret no er trygg og god etter utfordringane vi kunne lesa om i lokalavisene etter vårsesongen.

Koret har no 32 medlemmer. Styret i 2015 var samansett av Elisabeth Croles(leiari), Gunvor Myklebust(nestleiar), Kåre Vetrhus, Kirsten Rød og Oddveig Blomdal. Etter valet fekk styret for 2016 følgjande samansetjing: Elisabeth Croles, Ragnhild Tvedt, Renate Koløy, Kirsten Rød og Oddveig Blomdal med Wenche Evensen og Berit W. Huse som varamedlemmer.

Eit høgdepunkt i året var turen til Amsterdam i månadsskiftet april/mai, men elles har koret vore svært aktive i mange samanhengar. I tillegg til dei faste opptredenane på 17.mai og julekonserten har dei halde konsert i Helgheim i juni og basar/strikkekafè same stad i oktober. I november tok dei turen til Varaldsøy og heldt kyrkje konsert der. Koret deltok også i det store fellesprosjektet 'Heile verda er ein scene' i Kulturhuset Husnes som vart leia av Clive Anderson.

Økonomisk fekk koret ei utfordring då dei låg i solid minus etter vårsesongen. Etter svært god innsats er koret no over kneiken, og rekneskapet på årsmøtet viste solid pluss. Av tiltak som vart sett i gang for å retta økonomien nemner vi basar, auke av medlemskontingen, vedproduksjon og vedsalg, dugnadsarbeid og innbringande ekstrakonsert i Helgheim. I årsmeldinga takka styret medlemmene og særleg økonominemnda for den store innsatsen som var gjort for å retta opp økonomien.

Dermed har no koret eit godt grunnlag for å arbeida aktivt også framover.



Svein Rimestad har vore med i koret frå starten og stortrivst framleis.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Liesje Croles